

Referat FAU-møte 20.11.25

Til stades: Gerd Rusdal, Jon Harald Ødegård Egeland, Bodil Hobberstad Knutsen, Arnfrid Bjelland, Silje Taksdal, Gunn Årdal Helland, Øyvind Søyland og Gerd-Toril Hegre Berg

Sak 1 – Barnevakten

FAU har fått inn ønske om at skulen skal ha felles føredrag av Barnevakten. FAU stillar seg positive til dette, og tenkjer det er eit relevant og viktig tema.

Barnevakten kan halde føredrag for foreldregrupper og elevgrupper. Prisen er 6000,- for kvart av dei. Me ser det som mest aktuelt å byrja med foreldregruppa, og jobbar mot å få dette til i samband med foreldremøta til våren. Det er viktig å nå ut til alle foreldrene/reklamera godt i førekant slik at me sikrar at flest mogleg kjem.

FAU sjekker opp om det er aktuelt å få til eit samarbeid med barnehagen.

Sak 2 – Nasjonale prøver

Undheim skule har mål om å liggja på nasjonalt nivå både i lesing, rekning og engelsk. Dette året viser resultata god framgang frå tidlegare år – dette er bra! Undheim får skalapoeng 53 i rekning. Dette er 4 poeng over nasjonalt nivå og 3 poeng over gjennomsnittet for Time kommune.

Rekning: Undheim 53 (41 poeng i fjor), nasjonalt nivå 49.

Lesing: Undheim 49 poeng (41 poeng i fjor), nasjonalt nivå 49.

Engelsk: Undheim 49 poeng (43 poeng i fjor), nasjonalt nivå 50.

Sak 3 – Digital praksis i oppvekst

Planen vert publisert og gjeldande frå 01.01.26.

Den er utarbeida med sterke føringar frå nasjonalt hald, med god breidde og medverknad, blant anna frå helsesjukepleiarar, FAU og føresette. Planen tek for seg skjembruk, psykisk helse og konsentrasjon og læring. Dette blir tema inn på foreldremøte i 1., 5. og 8. trinn. Både helsesjukepleiar og PPT skal koplast på her.

Skulen må vera meir besivsste på kva dei bruker iPad til.

Sak 4 – Trygge foreldre i Time

Alle lærarane, samt SFO-leiar, skal sertifiserast i Marte Meo. Kompetanseheving i personalet på klasseleiing, kollegarettleiing og relasjonar (januar-oktober 2026). Elisabet Husvegg Ramstad kjem inn annankvar tysdag i PU-tida for å jobba med Marte Meo. Eit av temaa er “trygge foreldre i Time”. Gerd har vore i dialog med skulesjef angåandefor utviklingssamtalar; korleis dei opplevast for føresette, lærarar og elevar. Skulen ønskjer å senda ut ein forms før jul for å få svar på korleis me opplevde samtalanene. Det same skal gjentakast etter MarteMeo sertifiseringa er ferdig. Det er viktig å her merka seg at spørsmål skal svarast ut frå den siste samtalen – ikkje tidlegare erfaringar. Målet er at føresette opplever at dei har medverknad i samtalen saman med skulen sine tilsette. Vidare mål er å laga ein standard for korleis utviklingssamtalanene skal vera i Time kommune.

Sak 5 – Barn og unges kommunestyre

Elevrådseiarane skal delta på kommunestyret. Dei har førebudd ein tale med budskap om at dei vil ta vare på det gode miljøet på Undheim. Dei ser at mange kjedar seg på skulen, og vil at alle skal trivast. Derfor håper dei at midlar som skal delast ut kan brukast for at alle elevane i Timeskulen skal få oppleva skulekino.

Sak 6 – Julefest og eldrefest

Julefesten er torsdag 18.12.25, kl. 18.00 – 20.00. Eigen invitasjon er sendt ut via Visma. Alle heimane på Tjåland, Mossige, Garborg og Sikvaland har ansvar for dugnaden, saman med FAU. Viktig å informera “nye” om kva som ligg i dugnadsansvaret.

Borghild har ansvar for talen under festen. Rektor vil og seie nokre ord.

Kvart trinn har 7-9 minutt til eige innslag. Me prøver å begrense tida slik at festen er ferdig til kl. 20.00.

Silje har kontroll på handleliste, og ordner emd Handelslaget. Godteposar blir pakka under eldrefesten.

Bjarte, Lars og Kjetil tek kontakt med Jan om lyd og lys.

Eldrefesten er tysdag 16.12.25, kl. 10 – 12. Eigen invitasjon er sendt ut via Visma (føresette må vidarebringa tidspunkt til besteforeldre). Invitasjon henges opp på Handelslaget. Ønskjer om at rektor skal seie nokre ord.

Kvart trinn treng to føresette til å hjelpa med servering og diverse, kl. 8 – 13.

Sak 7 – Private bursdagsfeiringar på skulen

Skulen vert ikkje lånt ut til private bursdagsfeiringar. Gerd har vore i kontakt med dei andre skulane i kommunen – det er ingen andre skular som lånar ut bygga til dette.

Sak 8 – Neste møte

Neste FAU-møte er 12.02.26.

Saker: Sak frå førre referat ang. bursdagsfeiring og vennegrupper, vert flytta til neste møte. Gå gjennom og oppdater “Handbok med retningslinjer for klassekontaktar og FAU-representantar ved Undheim skule”.

Referent

Gerd-Torill Hegre Berg